
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 7. februar 2019 10:17
Til: 'Christofer Sandal'
Kopi: Per Atle Sæle
Emne: SV: 19/1403 Fullføring av utsatt oppmålingsforretning- seksjonert uteareal GBNR 22/246

Hei igjen

Takk for svar.

Eg har ikkje høyrte noko frå Hitland v/ Roald Hesvik. Reknar for så vidt med at dei ser seg ute av bildet, då heile eigedommen no er skjøyt på alle seksjonseigarane.
Det vert difor sameiget som må ta stilling til dette.

Eg vil berre forsikra meg om at du har forstått kartet eg sende, heilt og fullt. Sjå utsnitt nedanfor!

Lekeplass



Det som er kvitt er utanfor aktuell eigedom 22/246. Det som er grønt og blått er det som sameiget har avtalt skal disponerast av seksjonseigarar.

Det som vart omsøkt i seksjoneringssøknaden og som i dag er registrert i matrikkelen, er dei lilla punkta / strekane i kartet. Eg brukar ordet grenser, men det er eigentleg bruksrettsgrenser dette er snakk om- ikkje ordinære eigedomsgrenser.

Dette er veldig teknisk, men eg vil prøva å forklara så godt eg kan:

Dei lilla grensene vart registrert i matrikkelen slik dei var omsøkt frå utbygger, men med ein midlertidig unøyaktig kvalitet- +- 0,5 m. Tanken var då at kommunen skulle måle og merka grensene for desse uteområda nøyaktig, etter at dei var opparbeida, og slik fullføra denne utsatte oppmålingsforretningen.

Då situasjonen er blitt slik at sameiget har avtalt andre bruksrettsgrenser, er det ikkje hensiktsmessig å merka og måla desse areala slik dei er registrert i matrikkelen. For å slutføra denne «midlertidige» oppmålingsforretningen må me retta nøyaktigheita på punkta i matrikkelen til +- 0,1 m, då dette er nøyaktigheita/kravet til kvalitet som grensepunkt i matrikkelen skal ha. Me kjem altså ikkje til å endra på desse koordinatane/ plassering av desse grensene, men berre endra på kvaliteten på nøyaktigheita.

Det vil verta eit nokså stort avvik på det som er registrert i matrikkelen (lilla punkt/ strekar), i forhold til det som de har avtalt i sameigevedtaket. Slik må det nesten berre verta, då det vil verta dyrt og omfattande dersom det skulle søkjast arealoverføring til kvar seksjon for å få areala i matrikkelen til å stemma med det som sameiget har bestemt.

Dersom dette er klart, ber eg om snarleg tilbakemelding.

Er det noko uklart må du gjerne ringa meg, eller koma innom teknisk avdeling på rådhuset. Her kan også oppmålingsingeniør Per Atle Sæle hjelpa dersom eg skulle vera opptatt.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Fra: Christofer Sandal [<mailto:christofer.sandal@gmail.com>]

Sendt: 6. februar 2019 19:38

Til: Anngunn Marie Gullbrå

Emne: Re: 19/1403 Fullføring av utsatt oppmålingsforretning- seksjonert uteareal GBNR 22/246

Hei

Beklager at jeg ikke har svart deg men jeg misforstått litt, da jeg trodde dere ventet på henvisninger også fra utbygger også.

Det stemmer at det var dette kartet som ble enstemmig vedtatt på årsmøte ettersom jeg ikke ser noen endringer så stiller vi oss positive til at dere kan forsette prosessen.

Jeg ser på dette kartet at det som er markert med hvit farge er sameiet ved siden av oss. Om dette er av betydning, så må dere ta kontakt med dem.

Igjen beklager så sent svar.

Skulle det være noe kan dere ta kontakt med meg på mobil : 99436246.

Mvh
Christofer Sandal

Den tir. 5. feb. 2019, 15:51 skrev Anngunn Marie Gullbrå
<Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no>

Hei

Viser til e-posten under dat. 22. jan, der eg ber om tilbakemelding innan 2 veker – med frist i dag.

Me er litt ivrig etter å få fullført desse – ikkje fullførte forretningane, og ber difor om snarleg tilbakemelding frå deg som leiar i sameiget.

Ynskjer positiv bekrefting dersom me kan fullføra registreringa av uteareala slik dei ligg i matrikkelen i dag, utan merking og måling av desse areala i marka.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå

Fagansvarleg Geodata

Tlf: 5617 1181/ 1000

E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Fra: Anngunn Marie Gullbrå

Sendt: 22. januar 2019 15:11

Til: 'christofer.sandal@gmail.com'

Emne: 19/1403 Fullføring av utsatt oppmålingsforretning- seksjonert uteareal GBNR 22/246

Sjå vedlegg